



Alvervegen Invest AS

Mjukebakkane 3  
5918 FREKHAUG

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/852 - 3518/2009	Harald Solheim - 56 37 56 36	137/172,248	19.02.2009

Delegert sak handsama av avdelingsjefen

### **Vedtak om adresse - gnr 137 bnr 172 - Ikenberget - Alver**

Kommunen har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar;

gnr. 137, bnr.172, skal ha følgjande offisiell(e) adresse(r):

**VEGNAMN: TUFTAMYRA HUSNR: 5 A OG 5 B.** (sjå vedlakte kart)

For eigedom med fleire adresser, skal føyast til eit forklarande tillegg til den einskilde adressa.

Døme 1: Hus med to husvære med kvar sin inngang: Allestadvegen 12A (hovudbustad) Allestadvegen 12 B (kjellarhusvære),(kan og vera reine nummer. Andre stader kan kjellarhusværet ha inngang frå anna veg enn hovudbustad)

Døme 2: På ein eigedom kan det i tillegg til hovudbustad vera kårhus, støl, verksemd m.v. som er eigne adresseeiningar. Her fører ein opp tilsvarande forklarande tillegg.)

Vedtaket er gjort i medhald av § 4-1 i lov nr. 70 av 23. juni 1978 om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom (delingsloven), tilhøyrande forskrift kap. 15 og felles kommunale retningsliner for kommunane i region Nordhordland og Gulen til lovheimelen,

Vedlagt følgjer eit kart/flyfoto som syner nummereringa av adressene i området.

**Skilting** (sjå vedlagt informasjonsbrosjyre)

Det er huseigar sitt ansvar å skilte huset med godkjent nummerskilt, jf. kap 15.9 i forskriftene til delingslova. Plasseringa skal vera slik at ambulansen ikkje har problem med å finne fram også når det er mørkt. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyrsla, også set opp supplerande tilvisningsskilt.

Dersom huseigar ynskjer ei anna utforming av husnummerskiltet enn gjeldande standard (svarte tal på kvit reflekterande botn), må han/ho søkja om godkjenning frå kommunen for ei anna løysing.

Standard husnummerskilt kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte hos eit skiltproduksjonsfirma.

Det er ønskeleg at skiltinga blir utført relativt raskt og i alle fall innan **1 MÅNAD** etter De har motteke dette brevet.

## Informasjon

Kommunen varslar alle offentlege instansar som: Folkeregister, Skatteetaten, Posten, BKK, Telenor m.v.. om adressetildelinga.

**Når det gjeld firma som held til på adressa, må firmaet melde frå om adressetildelinga til Føretaksregisteret.** (Registrering i Samordna registreringsmelding)

De må sjølv melde frå til andre som treng veta om den nye adressa. Ho inneber inga flytting, Det skal såleis ikkje sendast flyttemelding av noko slag.

**Som huseigar er De pålagt å informere om adressevedtaket og innhaldet i dette brevet til leigetakarar og andre som held til på adressa.**

Saman med dette brevet finn De og kommunen si vedtekt til § 105 i plan- og bygningslova om utforming og plassering av adresseskilt og utarbeidd faldar: **Orientering om adresser i region Nordhordland og Gulen** som m.a. klargjer bakgrunnen for og utforminga av adressesystemet m.v.

## Kva gjer eg om eg ikkje er nøgd med adressa eg har fått tildelt?

Etter § 1-6 i delingslova kan eigar klaga på tildeling av adresse; dvs. det kan klagast på kva veg ein har fått adressenummer til (Kan vera aktuelt der eigedomen har tilkomst frå fleire vegar.) Dertil kan det klagast på fastsettinga av sjølve nummeret.

**Det kan ikkje klagast på** kommunen sitt val av adressenamn eller skrivemåten av namnet. Det er vidare berre eigar som kan klage. Klagefristen er tre veker etter mottak av dette brevet. Klage skal vera skriftleg og sendast til Fylkesmannen i Hordaland (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for adresser i Gulen), via den kommunen som har tildelt adressa. Kommunen vil gje rettleiing og hjelp ved oppsetting av klage til den som måtte ynskje det.

## Eg har alltid brukt namnet på staden eg bur som adresse på brev, i telefonkatalog m.v. Kva no, vert dette namnet sletta?

Sentral adressestyresmakt, Miljøverndepartementet, har sagt at dei som ønskjer det, kan setta namnet på staden der dei bur (gardsnamnet) på lina etter person-/firmanamnet og framfor den offisielle adressa i brev, reklamemateriell m.v.

På postsendingar skal den offisielle adressa såleis stå på line for seg nest sist og med poststadsnummer og –namn på siste lina. Dette fordi alle postsendingar vert sortert maskinelt og gjennom sorteringa lagt til rette for ein rasjonell distribusjon.

Ingen eksisterande registrerte stadnamn vert sletta. Alle registrerte stadnamn vil verta gjort tilgjengelege i regionen sitt kart på Internett, og etter kvart også med den nedervde uttalen av namna.

Skulle De ha spørsmål knytt til opplysningane i dette brevet vert De beden om å kontakta sakshandsamaren.

*Med helsing*

*Kåre Wiik  
fagleiar kart og oppmåling*

*Harald Solheim  
konsulent*

*Vedlegg:*

- 1. Kart med påført adressenummer*
- 2. Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt.*
- 3. FALDAREN: orientering om adresser i region Nordhordland og Gulen.*

